



MØTEPROTOKOLL

Utval: Administrasjonsutvalet
Møtedato: 04.06.2014
Møtetid: 13:00 - 14.45
Møtestad: Kommunehuset

Av 10 medlemmer møtte 7, inkludert varamedlemmer.

Desse medlemmene møtte ikkje:	I staden møtte:
Roy Vegard Hope (H) Björg Tveiterås (fagforbundet) Øyvind Røen (Sp)	

Andre som var til stades på møtet:
Einingsleiar interne tenester og rådmannen

Møteleiar:	Marit A Aase
Møtesekretær:	Tone Ramsli

Merknader:

Orienteringar/meldingar:	Fylgjande skriv og meldingar vart omtala: <ul style="list-style-type: none">• Arbeidsoppgåver for administrasjonsutvalet• Rettar og plikter for tilsette• Tariffoppgjeret 2014• Skader/kostnader kommunale tenestebilar• Fagutdanning for reinhaldarar Skatteoppkrevjarfunksjonen i Samnanger kommune
Utvalet sitt kvarter	Stor arbeidsmengd for avdelingssjukepleiarar Utlysing av stillingar – i kva media Tilbakemelding Arbeidstilsynet

Underskrift frå utvalsleiar og møtesekretær:

Tysse, 12.06.2014

Underskrift utvalsleiar

Underskrift møtesekretær

Desse sakene vart handsama:

SAKLISTE

Saker til handsaming på møtet			
Sak nr.	Arkivsak	Sakstittel	Merknad
003/14	14/437	Faste saker	
004/14	11/668	Evaluering av seniorpolitisk plan for Samnanger kommune	
005/14	14/196	Revisjon av lønspolitisk plan 2014	

SAKNR. 003/14
FASTE SAKER

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

- Møteinnkallinga og saklista vert godkjent
 - Delegerte vedtak/referatsaker vert tekne til orientering
-

04.06.2014 ADMINISTRASJONSUTVALET

Handsaming i møtet:

Ragnfrid A Olsnes (Bl) viste til at avdelingsleiarane på sjukeheimen arbeider svært mykje meir enn det som stillingane skulle tilseiast. Etter hennar meining er arbeidssituasjonen her ikkje forsvarleg.

Det var ein del drøftingar om denne og liknande situasjonar i kommunen. Utvalet ønskte at dei fekk seg førelagd denne type problemstillingar. Det vart og nemnd at ein i samband med organisasjonsgjennomgangen vil sjå på ressursituasjon i dei ulike einingane ikkje minst på leiing.

Birthe Skar Moum (Ap) spurde kvifor kommunen ikkje lyste ut stillingar på finn.no. Ho meiner at for nokre stillingar er det lettare å få merksemd frå potensielle søkjarar her enn i papirutgåva i BT.

I fylgje personalreglementet skal kommunen vurdere kvar det er mest føremålstenleg å lysa stillingar ledig. Kostnad er eit viktig moment, og det vil nok vera slik at utlysingar må skje anten i BT eller på nett.

Bright Olav Gåsdal (Ap) etterlyste om det er kome svar frå Arbeidstilsynet vedkomande varsel om pålegg.

Det vart gitt tilbakemelding om at det ikkje har kome svar.

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

ADM-003/14 VEDTAK:

- Møteinnkallinga og saklista vert godkjent
- Delegerte vedtak/referatsaker vert tekne til orientering

SAKNR. 004/14
EVALUERING AV SENIORPOLITISK PLAN FOR SAMNANGER KOMMUNE

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Administrasjonsutvalet sluttar seg tilrådingane som arbeidsgruppa har kome med i evalueringa si av seniorpolitisk plan.

Kommuneadministrasjonen får i oppgåve å utarbeida konkret framlegg til revidert seniorpolitisk plan og leggja dette fram for administrasjonsutvalet i september 2014.

04.06.2014 ADMINISTRASJONSUTVALET

Handsaming i møtet:

Utvalet vedtok samrøystes rådmannen sitt framlegg til vedtak.

ADM-004/14 VEDTAK:

Administrasjonsutvalet sluttar seg tilrådingane som arbeidsgruppa har kome med i evalueringa si av seniorpolitisk plan.

Kommuneadministrasjonen får i oppgåve å utarbeida konkret framlegg til revidert seniorpolitisk plan og leggja dette fram for administrasjonsutvalet i september 2014.

SAKNR. 005/14

REVISJON AV LØNSPOLITISK PLAN 2014

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Forslag til revidert lønspolitisk plan skal leggjast fram for administrasjonsutvalet i september 2014. Dette gjeld både den overordna og den administrative delen av planen. Fagforeiningane skal ha høve til å uttala seg om forslaget før det vert lagt fram for administrasjonsutvalet.

Kommunen sin lønspolitikk og kriteria for lokale lønstillegg skal drøftast med fagforeiningane på lønspolitisk drøftingsmøte i 2014. Desse drøftingane skal haldast før september 2014.

04.06.2014 ADMINISTRASJONSUTVALET

Handsaming i møtet:

Rådmannen sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke

ADM-005/14 VEDTAK:

Forslag til revidert lønspolitisk plan skal leggjast fram for administrasjonsutvalet i september 2014. Dette gjeld både den overordna og den administrative delen av planen. Fagforeiningane skal ha høve til å uttala seg om forslaget før det vert lagt fram for administrasjonsutvalet.

Kommunen sin lønspolitikk og kriteria for lokale lønstillegg skal drøftast med fagforeiningane på lønspolitisk drøftingsmøte i 2014. Desse drøftingane skal haldast før september 2014.

